

700-800 kilo fanga i elva i år?

03.09.2012



Jostein Almås har fanga over 31 fiskar i elva i år

**Like før helga var det slutt på fiskesesongen i elva og heimesida til elveeigarlaget fortel at det er rapportert inn 575 kilo laks og sjøaure. Det har vore ein bra auke i det siste.**

**Men laget slo allereie for nokre dagar sidan fast at rapporteringa hadde hatt dårleg oppslutnad og fiskarar uskedalen.no har hatt kontakt med tippar at det er fanga mellom 700 og 800 kilo. Det er i så fall et godt resultat sjølv om salet av døgnkort vart stoppa. I fjor vart det fanga 1 400 kilo.**

Ein av dei som trur det er fiska så mykje som 700-800 kilo er han som klårt toppar statistikken, Jostein

Almås frå Sagvåg på Stord. Hans fangstresultat må karakteriserast som utruleg bra.

Almås kjenner til atskillige fangstar som ikkje er rapportert inn og trur det vil komma inn fleire rapportar dei nærmaste dagane.

Almås har fått 31 fiskar som veg tilsaman 125 kilo medan bømlingen Arnt Erik Skjøtskift som ligg på andreplassen også har fått over 20 fiskar.

Fire av fiskane som Almås med familie har fått var over 7 kilo.

- Eg har aldri før sett så mykje fisk i elva som i første del av sesongen, seier storfiskaren i Sagvåg.

Av Ola Matti Mathisen